

Kommentar

Funksjon og bruk av funksjonelle forklaringar i samfunnsvitskapane

Erling Berge

I nr. 2/77 av TFS har Jon Elster ein artikkel med tittelen: «Statens rolle i marxistisk teori». Artikkelen verkar likevel meir som eit åtak på bruken av funksjonell analyse i samfunnsvitskapane enn som eit tilskot til ein betre statsteori. Bruk av talemåtar som at «marxistisk statsvitenskap må ... rense seg fra det funksjonalistiske slagg som nå skjemmer den» og «Den andre feilslutningen er å tro at funksjonalistiske analyser kan brukes i samfunnsvitenskapen» (den første feilslutninga var å tru at intensjonale analysar kunne nyttast i biologien), kan ved første blick berre tolkast slik at Elster totalt kastar vrak på funksjonell analyse. Denne konklusjonen er jo litt overraskande sidan det viser seg at han gir ein grei oversikt over kva ei funksjonell forklaring er for noko i samfunnsvitskapane. Ekstra stor blir undringa når ein finn at han til slutt i si «skisse til ei skisse» av ein statsteori presenterer oss for ei funksjonell forklaring av avmakt.

I neste gjennomlesing av artikkelen er det likevel mogeleg å tolke den som eit åtak på slapp, upresis og gal bruk av omgrepet funksjon og ei grunngeving av at det generelt er ei feilslutning å tru at dersom dei fire første av krava han har stilt til ei funksjonell forklaring er stetta så er og det femte stetta.

For ordens skuld skal vi her gi att dei fem krava Elster stiller til ei funksjonell forklaring: «Et fenomen X forklares gjennom sin funksjon Y for en gruppe Z hvis og bare hvis:

1. Y er en virkning av X,
2. Y er gunstig for Z,
3. Y er utilsiktet av de aktører som inngår i X,
4. Y (eller i det minste årsakssammenhengen mellom X og Y) er uerkjent av aktørene i Z og
5. Y opprettholder X gjennom kausal feedback.»

Det er heilt klart at den upresise og feilaktige bruken av ordet funksjon med all mogeleg rett kan kritisierast. Men for at denne kritikken ikkje skal leie oss til å kaste vrak på funksjonell analyse fullstendig, må vi vere på-passelege med å presisere omgrepet funksjon på ein slik måte at vi ser i kva høve det kan nyttast og i kva høve ikkje. På dette punktet meiner eg

Elster burde gått lenger. Rett bruk av funksjonell analyse er eit for kraftfullt analyseverktøy til at vi kan kaste vrak på det.

Eg skal derfor i denne kommentaren freiste å presisere Elster sitt skjema slik at vi betre skjønar på kva klasse av fenomen X funksjonell analyse kan nyttast og eg skal gå mot Elster sin påstand om at det på dei fleste område i samfunnet ikkje finst nokon analogi til det naturlege utvalet i biologien.

Det som Elster og dei fleste andre som kritiserer funksjonalismen synest å ha reflektert lite over, er kvifor det faktisk heiter struktur-funksjonalisme og ikkje berre funksjonalisme. I svært mykje av det som blir produsert av samfunnsvitarar blir det ikkje analytisk og teoretisk skilt klart nok mellom struktur og prosessar i det sosiale systemet. Dette fører til vanskar. Det er nemleg ikkje gitt at dei analysemåttane som kan nyttast til studiet av strukturar kan nyttas i studiet av sosiale prosessar. Meir konkret vil eg hevde at i studiet av sosiale strukturar kan ein - med Elster sine omgrep - nytte kausal analyse eller funksjonell analyse. I studiet av sosiale prosessar kan ein anten nytte kausal analyse eller intensjonal analyse.

No går det ikkje an å skilje mellom struktur og prosess som om dei var uavhengige av kvarandre. Ein sosial prosess er heile tida lagt innan for ein veldefinert struktur og resultatet av prosessen er heile tida reproduksjon eller endring av strukturen.

Struktur og prosess er heller ikkje symmetriske element i det sosiale systemet. Prosessen er dynamisk. Strukturen er statisk. Strukturen i seg sjølv verken er eller har aktørar (ei anna sak er det at ein aktør kan ha ein intern struktur). Dei sosiale prosessane derimot har aktørar som det dynamiske elementet sitt. Studiet av sosiale prosessar blir derfor studiet av handlingsval og av dei konsekvensane som fylgjer både for aktøren og for den sosiale strukturen som prosessen opererer på. I dette studiet kan ein tale om strategiar, spelteori og - «Fangens Dilemma». («Fangens dilemma» er forresten og kjent med namnet «Almenningens Tragedie», - «The Tragedy of the Commons» - som i grunnen er eit meir talande namn; sjå Hardin 1964.)

Sett i dette perspektivet er det mogeleg å tolke Elster sin artikkel som eit åtak på bruk av funksjonell analyse i studiet av sosiale prosessar. I det høvet blir vi einige.

Men like viktig for samfunnsvitskapane som studiet av sosiale prosessar er studiet av den sosiale strukturen. Og nett i studiet av dei morfologiske eigenskapane ved ulike strukturar er det at funksjonell analyse både kan og må nyttast.

Før å illustrere dette skal vi sjå nærmare på korleis Elster forklarar avmakt. Men først må eg seie noko meir om dei fem krava til ei funksjonell forklaring som Elster har stilt opp. Eg har alt argumentert for at ei funksjonell forklaring berre kan nyttast på fenomen X der X er ein struktur eller ein del av ein struktur. Dette fører til at det blir galt å tale om «aktørar som inngår i X» slik som Elster gjer i krav tre. Det bør i staden her refererast til dei aktørane som er med i det sosiale systemet S der X er ein del av den sosiale strukturen. Det er og klart at dersom krav fire er stetta så er krav

tre automatisk stetta. Men kor vidt både krav tre og fire er nødvendige er ikkje vesentleg for diskusjonen her.

Tar vi som gitt at X berre kan vere ein struktur ser vi og at det er lett å føre tanken vill ved å ordleggje seg slik som Elster gjer i krav ein. For på kva måte kan ein struktur ha ein verknad?

Sidan strukturen i seg sjølv verken er eller har aktørar, kan strukturen få ein verknad berre gjennom at den legg føringar på handlingsvala til aktørar innanfor det sosiale systemet der strukturen finst. Den typen av føringar som ein viss struktur X legg på handlingsvalet til aktørane i S er derfor ein eigenskap ved X eller ein karakteristikk av X like mykje som ein verknad av X. Dei ulike morfologiske utformingane av X vil gi ulike føringar på handlingsvaia. Nokre av føringane vil vere funksjonelle (i den tyding Elster har gitt omgrepet funksjon og med dei presiseringane som er gjort her), andre vil ikkje vere funksjonelle.

I det første høvet seier vi då at X har funksjonen Y dersom Y er ein spesifikasjon avarten av føringar som X legg på handlingsvala til aktørane i S. I det andre høvet må vi tale om at X er årsak til eit eller anna, t.d. at ein ny struktur blir skapt eller rett og slett at X gjer seg sjølv om inkje gjennom ein prosess med positiv tilbakekopling.

Vi kan no sjå på Elster si forklaring av avmakt i ein moderne sosialdemokratisk stat.

Han observerer da først at i det norske samfunnet som er ein del av verdssamfunnet (det sosiale systemet S), har den sosialdemokratiske staten (ein aktør) ein intern struktur der vi mellom anna finn at konfliktløysingsprosedyren (den strukturelle detaljen X) er slik konstruert at berre dei sterkaste og best organiserte gruppene av aktørar i S får vere med å fastsette dagsetelen over problem som skal løysast og avgjerder som skal takast (t.d. om X skal endrast).

No viser det seg at X verkar svært fint for kapitaleigarane Z som både er sterke og godt organiserte. Dei kan ved å vere med å sette opp dagsetelen påverke avgjerdene slik at dei er sikra den høge faktormobiliteten som er nødvendig for å få høg profitt (krav 2 er stetta). Høg faktormobilitet tyder mellom anna at det er høg mobilitet mellom arbeidarane. Dette gjer det vanskeleg for arbeidarane å utvikle sterke organisasjonar på grunnplanet. Arbeidarane får ikkje vere med å sette opp dagsetelen og får ikkje stønad frå staten til å løyse sine problem. Vi kallar dei makteslause.

Denne situasjonen vil jo stå fram som noko paradoksal for alle aktørane i S (også Z) sidan samanhengen mellom X og avmakt ikkje er kjent og det ikkje finst nokon synleg årsak som kan forklare kvifor arbeidarane ikkje organiserer seg og legg fram krava sine (krav 4 er stetta). Sidan samanhengen mellom X og avmakt ikkje er kjent kan den heller ikkje vere tilsikta (krav 3 er stetta). Men sidan Z finn at X verkar bra for dei vil dei rimelegvis ikkje sette opp på dagsetelen endring av X som eit punkt. Det er nok av viktigare problem å diskutere.

Dermed finn vi altså at den strukturelle detaljen X («megling mellom mektige») har avmakt for nokre grupper av aktørar som ein implisitt konse-

kvens. Det er ein eigenskap ved X eller ein karakteristikk av X at visse grupper av aktørar blir makteslause (krav 1 er stetta). Denne eigenskapen ved X sikrar samtidig at spørsmålet om å endre på X ikkje blir teke opp. Dei konsekvensane (funksjonen Y) som fylgjer av X sikrar altså den vidare eksistensen av X (krav 5 er stetta). Dette skulle då vise at avmakt er ein funksjon av at staten meklar mellom dei mektige.

Godtek vi analysen så langt kjem vi til problemet med det naturlege utvalet, eller sagt på ein annan måte: Kven skapte denne typen konflikt-løysingsprosedyre i første omgang?

Elster har notert seg at vi kan tale om eit slag naturleg «utvalg av profittmaksimerende bedrifter gjennom markedet». Den logiske strukturen i denne mekanismen kan vi framstille omlag slik: Ei gruppe aktørar (bedriftene) eksisterer i ei omverd (marknaden) som i stor mon er umogeleg å kontrollere for kvar einskild aktør. I denne situasjonen vil dei aktørane greie seg best og leve vidare som er flinkast til å drage eit livsgrunnlag (profitt) ut av omverda.

Det skulle vere klart at vi kan finne ein liknande struktur for alle typer av aktørar ifrå individ til statar dersom vi er påpasselege med å fastlegge kva vi meiner med omverd og kva vi legg i omgrepa «fødsel» og «død» for dei ulike typane av aktørar. Dødskriteriet er ikkje alltid like enkelt som for bedrifter i ein marknadsøkonomi.

Når det gjeld statar som aktørar er det sikkert mogeleg å definere «fødsel» og «død» på fleire måtar. Ei løysing er å knytte levetida til forfatninga slik at ein ny stat blir født dersom det blir gjort viktige endringar i forfatninga (t.d. ved revolusjon). Det er vel da rimeleg å seie at den noverande norske staten vart fødd i 1884 ved innføringa av parlamentarismen. Det er lettare å identifisere den omverda som statane skal leve i. Sidan det sekstende hundreåret har det vakse fram ein kapitalistisk verdsøkonomi (Wallerstein 1974 a & b). Verdsøkonomien er eit sosialt system med ein struktur som legg føringar på handlingsvaia til statar, bedrifter, multinasjonale organisasjonar og andre aktørar heilt ned til kvart einskild individ. Strukturen i verdsøkonomien er ikkje kontrollert av nokon einskild aktør. Med ei viss tildeling av ressursar vil det derfor i stor mon vere den interne strukturen til aktørane som fastlegg kor godt dei klarer å skape seg eit livsgrunnlag. Stendige endringar i ressursgrunnlaget for kvar einskild aktør sikrar likevel at vi aldri får ei optimal tilpassing av den interne strukturen for nokon aktør for særleg lang tid av gangen. Dei strukturtypane som har størst suksess blir gjort til mønster for dei mindre suksessfulle aktørane. Dei nyskapingane som kjem er derfor ikkje «tilfeldige» mutasjonar, slik som når det er tale om naturleg utval i biologien. Det ligg ein viss intensjon bak nyskapingane. Dette gjeld sjølvstøtt ikkje berre ved «fødselen» av nye statar, men også når ein ny type bedriftsstruktur blir «født». (Elster sin påstand om at ein ikkje kan nytte intensjonale analysar i biologien bør forresten presiserast. Den gjeld berre om ein held verksemda til menneskja utanom. Det vil vere umogeleg å «forklare» eigenskapar og utbreiing til dei fleste husdyr og nyttevekstar utan å ta omsyn til den planlagde avl og odling som skjer.)

Generelt meiner eg ein kan konkludere med at for alle typer av sosiale aktørar vil det vere mogeleg å identifisere ei omverd som ligg utanfor kontrollområdet til aktøren. Vi vil og kunne definere hendingar analoge til fødsel og død hos menneskje (som sjølvstakt også er sosiale aktørar). Dermed vil vi kunne studere kva funksjonar den interne strukturen har i dei ulike typane av aktørar.

Når det gjeld sosiale system som ikkje er aktørar slik som t.d. den kapitalistiske verdsøkonomien eller det norske samfunnet blir problemet meir komplisert. Det er framleis mogeleg å definere ei omverd og å tale om strukturen til systemet, men omgrep som «fødsel» og «død» byrjar å misse meininga si. I alle fall blir livssyklusen så lang at omgrepa har interesse berre i ein meta-teoretisk diskusjon. Dermed er det ikkje sagt at ein slik diskusjon er uviktig. Eit litt interessant problem ville vere å diskutere dei langsiktige konsekvensane for strukturen i systemet om dei sosiale prosessane mest har negativ tilbakekopling eller mest positiv tilbakekopling (ei funksjonell forklaring impliserer jo at vi har ein prosess med negativ tilbakekopling; sjå Stinchcombe 1968).

Eg skal ikkje freiste å komme inn på dette her. Eg vil likevel til slutt komme litt inn på prosessar med positiv tilbakekopling som eg meiner har vore altfor lite studert av sosiologar. Stinchcombe (1968) nemner i det heile ikkje denne typen prosessar som interessante. Ein grunn til dette kan vere at ein oppfattar prototypen på ein slik prosess (td. våpenkaplaup – krig) slik at den til slutt vil gjere om inkje den strukturen prosessen er innlagd i. Dersom dette var rett er det klart at vi neppe ville finne mange slike prosessar i noko sosiale system.

No er det imidlertid slik at ein stor klasse prosessar med positiv tilbakekopling konvergerer mot eit stabilt sluttresultat. Det er alle prosessar der transmisjonskoeffesienten ligg mellom 0 og 1. Slike prosessar vil altså transformere den sosiale strukturen dei er innlagt i fra ei form X_0 til ei ny form X_1 . For meg ser det ut til at slike prosessar har like stor interesse for sosiologisk teori som prosessar med negativ tilbakekopling, og kanskje særleg viktige er dei når ein skal forklare utviklinga av strukturen i den kapitalistiske verdsøkonomien.

Litteratur

- Elster, Jon*, 1977: «Statens rolle i marxistisk teori». Tidsskrift for samfunnsforskning, 2/1977, side 97-121.
- Hardin, Garret (ed.)*, 1964: «Population, Evolution, and Birth Control». W. H. Freeman and Company, San Francisco, side 367-381.
- Stinchcombe, Arthur*, 1968: «Constructing Social Theories», Harcourt, Brace and World, New York.
- Wallerstein, Immanuel*, 1974 a: «The Modern World System. Capitalist Agriculture and the Origins of the European World Economy in the Sixteenth Century». Academic Press, New York.
- Wallerstein, Immanuel*, 1974 b: «The Rise and Future Demise of the World Capitalist System». Comparative Studies in Society and History, 16:384-415.